Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 36

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Helsing, fakter, åtferd.

Oppskr. av: T. A. Steinsland.

(adresse): Landal

Fylke: Vest-Agder

Herad: Landal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Folk uttrykkjer orda „ja" og „nei" ved berre å seia orda. Dette er det vanlegaste. Men, mange nyttar og eit lite bukk med hovudet, som eit tillegg (ei styrking) av „ja" et, og eit lite rist med hovudet som eit tillegg (styrking) av „nei" et. Ein kan og uttrykkja „ja" ved berre å bukka med hovudet og „nei" ved å rista på hovudet.

2.
Folk helsar på alle dei møter, enten dei så kjenner dei eller ikkje. Dette er gamal, god skikk. Å møta folk og så ikkje helsa, reknast for grovt brot på god skikk.

3. Når det gjeld vanlege vaksne folk, har me ingen fast regel for kven som fyrst må helsa. Men, når barn og vaksne møtest, er det barnet som skal helsa fyrst. Likeins er det når ein møter sin „overmann" d. v. s. når ein vanleg mann møter presten, doktoren eller ein annan storkar, er det den vanlege som helsar fyrst.

7693

6875

Når to møtest og den eine har vore i gjestebod hjå den andre, overnatte eller vore inne til mat hjå han, så er det denne som har vore gjest som skal helsa fyrst.

4. God dag, takk for seinst, seier han som har vore gjest, og ofte nevehelsast dei så gjerne. „God dag, takk for seinst", svarar den andre. Eller og: God dag og sjøl takk for seinaste. Einskilde gamle her på Sørlandet (t. d. i Hægebostad) sa: God dag, takk for seinst, for traktement og all godt bevist. Menner, kvinner og born bruka same helsinga.

5. Når ein helsar på prest, dokter eller övrighedå" (skrivar, sakførar) tek ein hatten av samstundes med at ein helsar. Før var dette så reint fast regel. Nå går det litt meir slurve føre seg med hattelyftinga, og grunnen er nok at embetesmennene er så demokratiske (folkelege) nå.

6. Å halda hatten med båe hendene blir mest aldri bruka anna av einskilde som på den måten helsar når eit likfylgje fer framom. For 40-50 år sidan bruka gamle folk også eit slag hilsing i kyrkja. Dei sette seg i kyrkjestolen, heldt hatten med båe hendene framfor seg, bøygde hovudet ned og – bad ei stille bön (?)

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7. Nei.

8. Folk helsar på kvarandre, handhelsar når det er lenge sidan dei har sett kvarandre. Likeins i gjestebod. Då lyt gjestene helsa på alle husfolka, også på dei minste borna. I verlskap d.v.s. barnedåp, brudlaup, likferd, må gjestene helsa på alle husfolka og likså på dei gjestene som alt er komne. Når så verlskapet er slutt, lyt folk takka alle husfolka. Ellså: gjestene seier. Takk for i dag (kveld) og til dei andre gjestene – Takk for samvære. Er det brudlaup, seier ein gjerne til husfolka: Takk for gilt bryllup. Desse helsingsmåtane har vore bruka så lenge noken kan minnast, og held seg godt.

9. Å klappa kvarandre på oksla ved bruka, men svært sjeldan.

10. Å ta hatten av for klokkeringing i kyrkja hur eg snautt har vore bruka her.

11. Når ein møter likferd, tek ein (oftast) hatten av og står roleg medan fylgjet går framom.
Til brudefylgje syner ein glede ved å smila og vinka.

12. Dei gamle sa ofte når dei gjekk frå heimen sin: I Jesu namn. Eller: Gud velsigne hus og heim.

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

13.

God morgon fram til klokka 12. Så god dag til klokka 5-6. Så „god kveld" (eller go kvellan) fram til seine kvelden klokka 10. Då blei det „go natt". „God middag og „go ettermiddag" har vore svært lite bruka her.

14 Dei gamle ser det som narr-vore å nytte gal helsing t. d.: „go morgon" (måron) midt „på dagen. Men ungdomen tek det ikkje fullt så nøye. Ein kan høyra nå av dei mest sluvone „go morn" om det så er om ettermiddagen.

15/

16/

17/ Signe arbeidet eller – bo lykka med arbeidet har vore svært lite bruka. Kjem ein inn i eit hus og folka sit og et, seier ein: „Velbekomen", og husfolka svarar „takk".

19/ Har ein helsa på husfolka ute, tek ein ikkje helsinga opp att inne i huset. Men einskilde gamle helsa slik når dei kom inn: „Go dag i hus". Eller: „Go dagen godt," Eller: „Godaien".

20. Ville ein tala med nokon på to-mannshand, sa ein beint fram: „Kan eg få tala med deg aleine? Eller: Kan eg få tala med deg unna (under) 4 øue (augo)? Det same på lag seier ein nå.

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

21. Föi brukte ein ikkje å banka på döra föi ein gjekk inn i annan manns hus. Einaste var når ein skulle inn til prest, lensmann eller anna fint folk. Då reknast det for fin skikk banka på döra. Nå bankar ein alltid föi ein går inn.

22. „Kom inn," eller „versågod," seier ein av dei som er inne når nokon bankar på döra. „Kom inn!" er det vanlege.
Han" som banka kjem så inn.

23. Han blir ståande ved döra til dei bed han sitja ned. Dette er gamal skikk. „Du må sida". Du må sida deg" seier folk i huset og set fram stol eller viser han til beste plassen i stova.

24. Det vanlege var og er å ta hatten av med same ein kjem inn.

25. „Du må sida" sa (og seier) dei.

26. Sjölsagt går det litt meir nöye före seg når heilt framande eller — storfolk kjem.

27. Ein heilt framand helsa på vanleg vis og sa namnet og vandel sitt. Slik og nå.

28. Heilt framanda blir ofte bedne inn i vegstova.

29. Innbedne gjester helsar ein på vanleg vis. og med tillegget „velkomen"

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

30. „Farvel" sa han som reiste og det sa-
-me sa dei som var att. Slik og må.

31. „Farvel" og var det kan henda for siste
gong, sa dei. „Farvel og takk for det me
he vore i hop." „Farvel og takk i like måle,"
svara den andre.

32. Nei, kyssing til farvel har (aldri?)
vore brukt.

33

34. Eit kunster at dei seier til småborn:
„Gje meg einn munn" d. v. s. ein kyss.
Men også småborn er svært sjenerte
for dette. Eit døme frå Torlandet.
Ein barnekjær lensmann kom inn til
ein ein huslyd. „Kom nå hit å gje meg
ein kyss" sa han til ei lita smågjente.
Men gjenta var sjenert og våga seg ik-
-kje til. „Jammen kan du gje lens-
-mannen ein kyss" sa mora.
„Mamma, gjer du det fyrst," sa
smågjenta. — —

35-36-37- Nei.

38. „Nå må du gje meg ein munn," sei-
-er ein til småborn.

39. „Ska me bytta nase?" seier
vaksne når dei gnir nasen mot
nasen til småborna.

40. Alle vaksne kunne (kan) gjera
dette?

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

41.
„Nå teg eg snaså, di" når dei knip naseluppen til barnet millom peike og langfingeren.
42–43. Nei.

44. Til lykka med dagen seier ein til ein som har fødselsdag, bryllup, har barn som er komfirmant, eller har bryllup. Ein brukar ogsa: Gratulera med dagen. I gamal tid var det: Til lykka med dagen.
45/
„Goe jul" „Gledeleg jul" seier folk nå som før. Svaret er: „Du det same". Eller: „Takk i like måte". „I lige måde" Ei gamal helsing (frå Hægebostad) var slik. Juledagsmorgonen måtte alle borna ut eller tue og så inn att i stova til far og mor og helsa: „Go måron, gledeleg jol." „Ja, Gud gje okke dæ å dykke dæ sama", svara far.
Til nyttår: Godt nyttår og svar: Takk i like måte „I lige måde"
Ved barnfødsel: Til lykka (eller: gratulera) med det lilla, eller me bådne.
Til trulovingа: Te lykka. Eller: Gratulera med dagen (bryllupsdagen)
46
„Ved dødsfall eller anna sorg seier folk attåt vanleg helsing: „Ne delteke i sorgå." Dei andre svarar, „takk"

7693

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

48

I likferd har det vore og er det slik at ein av fylgjet (gjestene) takkar på vegner av den avlidne, takkar grannar, vener og husfolk for all godt. Det er kje alltid ein takkar på den måten. Det er kje heill vandsynt utan så den avlidne har döytt brått, eller vore utan sans i lengere tid för döden.
I heimen har det vore gamal skikk at ein av gjestene, gjerne ein granne takkar den döde for det han har vore i heim og grend. Denne skikken har me ennå. Me kalla det å takka.
Å skila "dette uttrykket blir ikkje bruka her. Det er gjerne naraste grannen som köyrer kista til kyrkjegarden.
Når han så tek taumane og nett skal reisa frå tunet, seier han „Så seer me - varvel og takkar for kvar dagen me he vore i hop.
Dette siste seier ein når det gjeld gamle folk.
Nå tek folk på å nytta bil i likferdene, så nå blir det slutt med takk og farvel frå tunet.
Ved grava takkar kjökemeistaren eller ein av avlidnes naraste alle som har fylgt avlidne til siste kvile-staden.

49) Vanvyrnad uttrykkjer ein med å rista på hovvudet, helst litt lenge, eller ved å spytta på ein sers måte - spytta utan å få spytt (turrspytta)

7693
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

50. Folk brukar ordet „du" til mest alle. Ordet „De" blei ikkje bruka før. Men når blir det bruka til heilt framande og „fine" folk. Gamle folk klarar seg utan „De". Til presten seier dei: Koss liga presten seg her i bygda? Nå lyd lensmannen sida å få ein kaffekopp," seier dei til lensmannen. For 40-50 år sidan laut ein ta det så høgtideleg når ein tala med gamle folk. Ordet „du" måtte ikkje brukast. I og Jer var rette orda. Koss ke I då? Kor a I i frå? I må seda Jer o.s.v.
Nå går I og Jer heilt av bruk.

51. Gamle folk nytta „han" og „ho" i staden for „du" når det galdt framande. Kor a han i frå? Han må seda seg o.s.v.
Nå går lillaleanda „han" og „ho" meir og meir av bruk.

7693
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING